



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	06.11.2025	

Supercharge AS og LAdekraft AS - Søknad om støtte til forprosjekt i høve til batteriløysing

Vedlegg

- 1 Søknad om tilskot til forprosjekt Vinje Kommune 260925.pdf

Dokument i saka

Kommunestyresak 35/2025.

Bakgrunn

I samband med utvikling av ladestasjon for tunge kjøretøy, kom det fram at det kanskje var lurt å tenkje ei batteriløysing som kunne ta ev toppar og som kunne nyttast som ein reservekjelde i einskilde høve, på el nettet elles. <https://www.pixii.com/> er eit Norsk selskap som har slike løysingar. Kommunedirektøren minner for ordens skuld om at søkar fekk 75 000 kr til utgreiing av el-ladestasjon i vår.

Aktørane ynskjer å greie meir ut rundt dette og søkjer difor om enno eit tilskot til gjennomføring av eit slikt tiltak. Dei søkjer om kr 150 000,- i tilskot, av eit totalbudsjett på kr 325 000,-. Resten er eigenkapital.

Vurdering

Dette er ein svært innovativ tanke. Det er, etter utsegn frå representantar frå Telemark Nett, fleire som no vurderer dette i slik samanheng som ladestasjon. Det er mykje brukt løysing bl.a. i Sverige.

Ei slik utgreiing ville vera føremålstenleg i framtida, uavhengig av kva som skjer med ladestasjonen. Det er viktig fundament i vurderinga for utvikling og drift av ein ladestasjon for tunge kjøretøy, men ikkje minst òg som eit beredskapstiltak.

Kommunedirektøren meiner at dette er eit smart tiltak og rår til å imøtekoma søknaden med kr 75 000,- då dette kan vera eit viktig beredskapstiltak. Dette burde vera så innovativt at både

TUF og IN, burde vera aktuelle plassar å søkje om resten av støtta. Kommunedirektøren rår til å finansiere dette tiltaket frå den avsette millionen til støtte til enkelt tiltak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune imøtekjem søknaden med kr 75 000,-. Inndekning frå avsett million til einskildsøknader.